





**Ulven hylar så høgt at
han kan høyrast laaaangt
unna. Kvifor gjer han det,
tror de?**

Bruk biletet til å samtale med borna om kvifor ulven hylar.

Tips til dei vaksne:

Ulvar hylar for å kunne halde kontakta, sjølv om dei er langt ifrå kvarandre.

Ulvar lever i flokkar som ofte består av to foreldre og 4-6 kvalpar. Når dyra i flokken er langt ifrå kvarandre, hylar dei for å fortelje kvarandre kvar dei er. Dei kan òg hyle for å fortelje andre flokkar at no går de inn på «vårt område». Kanskje dei sier: «Vi var her fyrst».